

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Høyringsuttale frå Landslaget for lokalaviser (LLA)
Til høyringsbrev datert 02.12.2013
Forslag til endringer i forskrift om produksjonstilskudd til nyhets og
aktualitetsmedier

Å kutte støtta til 4000-6000 lokalavisene er alvorlig for avismangfaldet

- LLA ser alvorleg på forslaget om å ta bort produksjonstilskotet til avisene med mellom 4000 og 6000 i opplag. Eit slikt kutt vil redusere evna til å både klare ei krevjande digital omstilling, og løysa samfunnsoppdraget på ein god måte. I tillegg til å svekke journalistikken vil det setje fleire avisers eksistens i fare.
Å kutte støtta til 30 aviser er truleg det mest drastiske endringsforslaget sidan pressestøtta vart innført i 1969. Det er svært uheldig at eit slikt forslag blir fremja utan å vera basert på utgreiing om konsekvensar både for avisene kvar for seg, og sett i ein mediepolitisk samanheng.
- Forslaget kjem på eit svært uheldig tidpunkt når avisene slit generelt med å oppretthalde inntektene og samtidig skal satse digitalt.
- Å misse støtta vil svekke desse avisenes evne og tempo i den digitale omstillinga.
- Det opplevast urimeleg å kutte inne i eit år, lenge etter at budsjett og planar for året er lagt.
- Det er like avgjerande for avisene, som for alle andre bedrifter å ha forutsigbare rammevilkår. Denne gruppa aviser er små bedrifter med små marginar.
- I forslaget til nye forskrifter som er sendt til ESA for godkjenning, er det alt foreslått redusert/ingen støtte (ved claw back) til dei avisene med best økonomi uavhengig av avisgruppe. Dette er både fornuftig og må vere tilstrekkeleg.
- LLA støttar forslaget om tak på produksjonstilskotet ved at samla tilskott maksimalt kan utgjere 40 prosent av totale driftskostander
- LLA meiner at definisjonen i forskriftene må endrast, då det for dei fleste er faktisk feil å bli definert som nr.1 og aleineavis. Definisjonen bør enkelt og rett vera; *lokalaviser med mellom 1000 og 6000 i opplag*. Dette er i tråd med forslaget frå Mediestøtteutvalet.
- Bydelsavisene sin plass i pressepolitikken må avklarast og dei må få gode rammevilkår
- **Lokalavisene som grunnfjellet i mediemangfaldet er viktigare enn nokon gong. Gode, forutsigbare rammevilkår er avgjerande for god journalistikk!**

Pressestøtte handlar om kva samfunn vi vil ha

Rammevilkåra til media er eit viktig vilkår for kva samfunn vi vil ha.

I paragraf 100 i Grunnlova blir ytringsfridomen stadfesta, og er sjølvstendig heilt avgjerande for eit velfungerande demokrati.

Ytringsfridomen er ikkje mykje verd utan at det er tilstrekkeleg med seriøse ytringskanalar som kan vere arena for fri og meningsfylt utveksling av informasjon og synspunkt.

Landet vårt utmerkar seg ved å ha ein flora av lokalaviser med gjennomgåande god kvalitet.

Dei utfører sine samfunnsoppdrag i lokalsamfunn rundt om i heile landet.

Å kutte produksjonstilskottet til 4000-6000 avisene vil i praksis vera å svekke ytringsfridomen, og det skal altså skje i eit år der vi feirar 200 års jubileum for grunnlova.

Liten del av støtta til lokalavisene

Pressestøtta gjennom produksjonstilskottet er eitt av virkemiddela for å nå måla i mediepolitikken. Produksjonstilskottet skal mellom anna medverke til eit mangfald av aviser over heile landet. Det er ikkje tvil om at produksjonsstøtta til lokalavisene har vore vellukka for samfunnet. Norge skil seg ut i medieverda med eit stort mangfald av lokalaviser .

Produksjonstilskottet har gjort det muleg å starta nye aviser, om lag 100 sidan 1990.

121 lokalaviser fekk i 2013 til saman om lag 24 prosent av samla produksjonstilskott.

Avisene med mellom 4000 og 6000 i opplag fekk om lag fem (5) prosent av samla tilskott.

Til samanlikning fekk ni (9) daglege riks- og nr.2-aviser over 70 prosent av samla støtte.

Den enkelte lokalavis får ikkje store summar i tilskott, men støtta er avgjerande for svært mange lokalavisers eksistens. For alle er støtta med på å gjera at desse avisene kan oppfylle samfunnsoppdraget betre, ved at dei får ressursar til meir og betre journalistikk.

Økonomital viser at også denne avisgruppa opplever kraftig nedgang i resultatet, og ut frå 2012-tala har halvparten underskot før produksjonstilskott. Fleire av avisene i denne gruppa har og underskot etter tilskott, nokre til dels store minustal. Svakare resultat kjem til tross for at dei aller fleste har gjennomført sparetiltak og i dag driv kostnadseffektivt. Samstundes må alle aviser nå bruke mykje ressursar på digital publisering, som kjem i tillegg til papiravisa, som i dag er viktigaste inntektsberar. Likevel må avisene satse digitalt og arbeide hardt og kreativt for å skaffe digitale inntekter. Denne omstillinga tar tid, og krev ressursar. Kutt i støtta vil vere dramatisk for mange av desse avisene sin evne til å lukkast.

Produksjonstilskottet gir liv til mange lokalaviser, men er meir enn ei overlevingsstøtte. Det er viktig at lokalavisene har ressursar til å lage god journalistikk, og det er heva over tvil om at avisene evne til å lage gode saker, som vist ved eksempel i vedlegg, vil bli kraftig svekka ved å ta bort produksjonstilskottet.

LLA er samd i at det skal setjast grenser for kva aviser som skal få produksjonstilskott ut frå økonomi, og har difor støtta dei innstrammingar som alt er vedtatt frå inneverande år.

Det vil medføre at ein del aviser vil få redusert produksjonstilskott ut frå at dei har godt økonomisk resultat. Dette vil gjelde for aviser i alle grupper uavhengig av opplag. Forslaget om å kutte støtta til gruppa med 4000 til 6000 i opplag vil ramme blindt på den måten at det vil omfatta både aviser som har relativt sterkt økonomisk driftsgrunnlag og aviser som har svært svak økonomi. Konsekvensane vil vere tilsvarende alvorleg for mange aviser i denne gruppa.

LLA synest det er særst uheldig at forslaget kjem utan nokon føregåande prosess og lenge etter at avisbedriftene har lagt sine planar og budsjett for året. Det er heller ikkje sagt noko om overgangsordning som er vanleg elles. Til saman er dette forslaget ekstra drastisk, først og fremst for dei avisene det gjeld. Men det skaper og stor uro elles i bransjen då det sår tvil om styresmaktene vil legge til rette for at avisbedriftene skal ha forutsigbare rammevilkår også i framtida.

I forslaget til dei nye forskriftene er bydelsavisene tatt bort som eiga avisgruppe. Dette er svært viktige aviser i lokalavismangfaldet. Vi vil be om at denne avisgruppa, enten blir definert inn igjen i forskriftene eller at det blir avklart om dei får status som nummer 2-aviser.

Konkrete forslag til endringar

§ 5 første ledd nr. 1

6000 som øvre grense for å få produksjonstilskott som lokalavis blir oppretthalden. Formuleringane som definerer avisene i denne gruppa blir endra slik at nummer ein og aleineaviser enkelt og greitt blir definert som *lokalaviser med mellom 1000 og 6000 i opplag*.

Bydelsaviser må tolkast inn under nr.2-aviser då det er den reelle marknadssituasjonen for desse avisene.

Alternativt må denne avisgruppa få ein eigen definisjon i forskriftene som *bydelsaviser*

§ 7 første ledd nr. 3 og § 7 andre ledd nr.5 utgår

Dette er endringar som ein konsekvens av at vi ikkje vil endre opplagstaket frå 6000 til 4000 i § 5 første ledd nr.1

§ 7 tredje ledd

LLA har ingen merknader til forslaget

§ 9 første ledd

LLA foreslår å gjere Medietilsynet sitt handlingsrom litt større, og foreslår slik formulering:

Tilskuddsordningen forvaltes av Medietilsynet. Der det etter en konkret vurdering er nødvendig for å oppretholde konkurransen på utgiverstedet, eller på andre måter er viktig for å oppfylle målene i mediepolitikken, kan Medietilsynet, etter å ha innhentet råd fra støtteutvalget, gi dispensasjon fra bestemmelsene i forskriften.

Vedlegg:

Døme på god journalistikk i 4000-6000 avisene. Utan støtte vil truleg alle måtte kutte i journalistisk ressursar.

Oslo 13. januar 2014

Landslaget for lokalaviser

Ståle Melhus, styreleiar

Rune Hetland, generalsekretær

Aktuelle sitat om pressestøtte

- *Med det økonomiske grunnlaget VTB har utan produksjonsstøtta, vil avisa utan tvil bli eit dårlegare produkt, som heller ikkje i så stor grad som i dag kan spegle lokalsamfunnet både i sentrum og i bygdene rundt. Lokalavisa er ein av dei viktigaste «talarstolane» for demokratiet og det politiske ordskiftet, og for næringsliv og organisasjonar i kommunane. Er den talarstolen verdt å kneble for 13 millionar av produksjonsstøtta?*
 - Aud Jonskås, styreleiar Øystein Øygarden, redaktør og Tone Straume, dagleg leiar i Vest-Telemark Blad
- *Den borgerlige regjeringen med Høyre i spissen mener denne gruppen har for gode resultater og vil inndra denne støtten. Om vi bruker 2012 som et eksempel for Saltenposten vil det bety at vårt overskudd som var på vel 200.000 kroner, vil bli til et underskudd på nær 600.000 kroner. Er det god høyrepolitikk å inndra penger fra næringslivet når de tjener for mye? Er dette den gode næringspolitikken som Høyre snakket om i valgkampen.*
 - Arild Bjørnbakk, politisk redaktør i Saltenposten
- *Nye tider krev at lokalavisene må ta nye grep for å halde på eksisterande og få nye lesarar. Difor må vi investere i nye, digitale formidlingsløysingar. Dette kostar pengar, og det er uheldig om vi nå på toppen av desse utfordringane også blir sett revokrok på av staten ved at dei tar proksjonstilskotet frå avisene med mellom 4000 og 6000 i opplag.*
 - Jan Fossen, redaktør i Varingen
- *Dersom produksjonstilskuddet blir borte, vil rammevilkårene for avisa gå fra å være utfordrende til drastisk forverret. Vi vil måtte gjennomføre kutt som gjør produktet dårligere. Dette kommer som lyn fra klar himmel da listetoppene både fra Høyre og Frp i valgkampen lovet at eventuell omlegging/kutt i pressestøtta ikke skulle ramme lokalavisene. Det skuffer*
 - Gjermund Nilssen, ansvarlig redaktør i Nye Troms,
- *For mange av oss er økonomien pressa. Å kome med dette kuttet nå er alvorleg. Det kan gå ut over redaksjonelle årsverk, svekke produktet og ramme den funksjonen som nynorskformidlere som fleire av lokalavisene har.*
 - Rune Sæbønes, redaktør i Møre-Nytt
- *Å fjerna presestøtta vil føra oss ut i eit uføre som gjer at vi ikkje lenger kan gjera samfunnsoppdraget vårt på ein tilfredstillande måte.*
 - Tomas Bruvik, redaktør i Kvinnheringen
- *Undersøkjande journalistikk krev ressursar. Ein jobbar over lang tid, og det er uvisst om ein får resultat. Dess svakare økonomien er i avisa, jo mindre er sjansen for at dei vågar seg på slike prosjekt.*
 - Sven Egil Omdal, mediekomentator, tidlegare PFU- og NJ-leiar
- *Disse kuttene er en uheldig røsking i sarte og viktige blomster i norsk avisflora*
 - Magnus Hoem Iversen, medieviter

Lokalavisa

- ✓ gjev folk identitet og tilhøyrslø
- ✓ informerer innbyggjarane
- ✓ set kritisk søkelys på aktuelle saker
- ✓ let folk koma til orde
- ✓ viktigaste arena for lokal politikk og debatt
- ✓ løftar fram lokalt kulturliv
- ✓ er ofte barn og unge sitt første møte med avis
- ✓ tar vare på det norske språk
- ✓ tar innbyggjarane på alvor!

Avisøkonomi Lokalaviser med 4000-6000 i opplag som mottar produksjonstilskudd

År	Tal	Sum inntekter	Sum kostnader	Driftsres	Finans-inn	Res. før støtte	Totalt tilskudd	Resultat etter støtte	Med støtte		Uten støtte		Opplag
									Driftsmargin	Driftsmargin	Før finans driftsmargin	Driftsmargin	
2 012	30	515 206 491	513 983 312	1 223 179	10 058 402	5 253 711	14 865 925	20 119 636	3,9 %	1,0 %	0,2 %	147 215	
2 011	32	544 748 031	536 379 949	8 368 182	10 767 700	17 923 715	16 102 974	34 026 689	6,2 %	3,3 %	1,5 %	159 967	
2 010	33	517 562 600	501 916 300	15 646 300	9 486 400	27 019 500	16 469 663	43 489 163	8,4 %	5,2 %	3,0 %	165 858	
2 007	34			21 591 441	11 559 936	33 151 377	17 821 971	50 973 348				168 592	

I 2012 er det 30 aviser i gruppa 4000 - 6000 i opplag som Kulturdepartementet i høyringsbrev foreslår å ta bort produksjonsstøtta til. Av desse har 17 aviser underskudd på drifta før finansinntekter. 13 aviser har driftunderskudd etter finanspostar før produksjonstilskudd, og 5 etter tilskudd Samla er driftsresultat før finanspostar og før produksjonstilskott så vidt i pluss. Mesteparten av driftsoverskot før produksjonsstøtte er finansinntekter. Grunnen til at finansinntektene samla sett er relativt store er at eigarane ikkje kan ta utbytte og at eigenkapitalen har bygd seg opp over mange, mange år.

Oversikten viser at denne avisgruppa har sterkt fallande resultat dei siste åra. Dette kjem trass i store kostnadskutt

I forskriftene er det i dag bortfall i tilskott til aviser med stort overskot (2 mill).

I nye forskrifter frå 2014 vil dette bli skjerpa med "claw back"/grense på 10% overskot etter støtte. Dette bør vera tilstrekkeleg til å målrette støtta.

Dersom forslaget om at ikkje avisene i gruppa 4000 - 6000 i opplag blir gjennomført vil det bety at fleire aviser får store problem og dei aller fleste må kutte. Å kutte støtta vil utan tvil svekke journalistikken, ressursane til å løyse samfunnsoppdraget, som er målet for pressestøtta.